



Vassbakk & Stol v/Ole Jakob Oanes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1158 - 15/21735

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

04.12.2015

Reguleringsplan for Hoplandsdalen - Orientering om vidare saksgang - Frist for nye opplysningar

Administrasjonen viser til tidlegare korrespondanse og telefonsamtale 3.12.2015. Som tidlegare opplyst vil administrasjonen fremme det reduserte planforslaget om jorddeponi i Hoplandsdalen på nytt for kommunestyret i Meland.

Kort om sakshistorikk [ikkje uttømmende]:

- 16.06.09 – Utval for drift og utvikling vedtar oppstart av reguleringsarbeidet.
- 18.06.14 – Kommunestyret treff vedtak om å ikkje vedta reguleringsplanforslaget (sak 46/2014).
- 23.06.14 – Forslagsstillar påklagar avvisingsvedtaket etter orientering om klagerett frå administrasjonen.
- 08.08.14 – Forslagsstillar oppmodar om ny handsaming av Kommunestyret av redusert planforslag (masseuttak/steinuttak vert tatt ut av planen).
- 15.10.15 – Kommunestyret treff følgjande vedtak etter framlegg om redusert planforslag (sak 60/2014):
«Kommunestyret ber UDU handsame klagesaka».
Vedtaket innebar avvising av vidare handsaming av redusert planforslag.
- 12.01.15 – Administrasjonen orienterer forslagsstillar om at Kommunestyrets vedtak av 18.6.15 ikkje kunne påklagast og at opplysningane om klagerett frå administrasjonen var feil.
- 19.02.15 – Administrasjonen gjer vedtak om å avvise klagen frå forslagsstillar (delegert sak 47/2015) og orienterar samtidig forslagsstillar om at spørsmålet om vidare handsaming av redusert planforslag vil bli fremma for Kommunestyret på nytt på grunn av feil informasjon om klagerett.
- 17.06.15 – Kommunestyret vedtar ny kommuneplan (arealdel). Jorddeponi i Hoplandsdalen ligg ikkje inne i kommuneplanen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunestyret skal ha møte onsdag 10.02.16 og onsdag 16.03.15. Administrasjonen tek sikte på å fremje ny sak for kommunestyret knytt til redusert planforslag om jorddeponi i Hoplandsdalen i eit av desse møta. Dette for å klargjere opplysningane om klagerett og sikre at kommunestyret si handsaming og avgjerd bygger på korrekte opplysningar om saksang, mellom anna for å sikre rettstryggleik og forsvarleg sakshandsaming for forslagsstillar.

Administrasjonen tek sikte på å fremje to alternative framlegg til vedtak for kommunestyret:

1. Kommunestyret ber administrasjonen handsame eit redusert planforslag i samsvar med opplysningar i brev frå forslagsstillar av 08.08.2015.
2. Kommunestyret held fast ved vedtaket av 18.06.14, sak 46/2014, om å avvise planforslaget om jorddeponi og masseuttak i Hoplandsdalen og avviser samtidig oppmodinga frå forslagsstillar om vidare handsaming av eit redusert planforslag. Vedtaket inneber at handsaming av saka vert avslutta utan klagerett til UDU/Fylkesmannen i Hordaland.

Ordlyden ovanfor må vurderast som førebels, men det er slik administrasjonen tenker at saka kan få ein forsvarleg avslutning som plansak.

På bakgrunn av tida som er gått, finn administrasjonen det rett å gi forslagsstillar høve til å kome med merknader til ovannemnde samt fremje nye opplysningar ein meiner bør vere med i ei saksutgreiing til kommunestyret. Frist for merknader vert sett til **19.1.2016**.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Vassbakk & Stol v/Ole Jakob Oanes